

Referat frå foreldremøte, 18/9-2017 kl 18.

Velkommen ved Bjørg, lysbilde frå klassane og presentasjon av ny rektor.

Saker:

Del 1: Foreldra/føresette frå 3. og 4.klasse er saman i starten.

- Rektor presenterer Opplæringslova § 9a som omhandlar elevane sitt oppvekstmiljø med vekt på trivsel og trygghet.

Hovudtrekk:

- Aktivitetsplikt
 - ✓ plikt til å følgje med
 - ✓ plikt til å gripe inn
 - ✓ plikt til å varsle
 - ✓ plikt til å undersøkje
 - ✓ plikt til å setje inn tiltak

Nytt – rett til å gå direkte til Fylkesmannen dersom ein føler at ein ikkje vert teke på alvor.

Skulen har 5 virkedagar på å ta tak i ei sak som vert meldt inn.

Skjema for innmelding av saker av alvorlegare karakter finn ein på heimesida.

- *Korleis går det i gruppa?*
Gruppa fungerer fint i lag. Flike å hjelpe kvarandre, jobbar godt.
- *Informasjon om fellesfag .*
- *Bading.* Vert som før. Måndagar.
- *Heimesida til skulen:* www.mykingskule.no eller du kan klikka deg fram på kommunen si nettadresse www.lindas.kommune.
- *Ymse.*
 - Lus på skulen. Vere nøye med sjekk. Helst kvar dag nå.
 - Prosjekt sykkel - torsdag og fredag. Kan ikkje ta med sykkel på bussen gratis. Kan vi organiserer å få sykkelen fram til skulen på torsdag på eiga hand. Sykkel kan kjørast inn på skulen frå torsdag til fredag.

Del 2:

- *Litt om dei ulike faga*
Begynt med kartleggingsprøvar. Resultat på konferansetimane.
- *Lekser/arbeidstime.*
Arbeidstime. Denne vil dei gjerne behalde. Jobbar godt.
- *Mål på vekeplanen «Eiga vurdering».*
Ynskjer at foreldra går gjennom måla for veka med eleven slik at han/ho vert meir bevisste på/fokuserte på kva som skal lærast denne veka. Underskrift.
- *Korleis følgje opp elevane si læring?*
Både skulen og foreldra har ansvar for opplæringa til eleven.
- *Skulemat, mikro omn.*
Fordel om elevane har noko mat til friminuttet kl 10 som ikkje treng mikro omn.
- *Kva forventningar har du/de til skulen? Kva forventningar har eg som lærar av borna/foreldre?*
Forventar underskrift av måla på planen.